

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **5. september 2013** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leing av utvalsleiar Daghild G. Alvestad.

| | |
|----------------------------------|---|
| MØTESTAD: | Boknatun, allrommet |
| MØTESTART/-SLUTT: | kl. 18.00 – kl. 20.30 |
| MØTANDE MEDLEMMER: | Daghild G. Alvestad (Sp), Olav L. Rossebø (H) og Christine Berge Christiansen (A) |
| FORFALL: | Ingen |
| FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: | Dagleg leiar Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| FRÅ REVISJONEN MØTTE: | Ingen frå Deloitte AS |
| ANDRE SOM MØTTE: | Seksjonssjef Hildegunn Andreassen i sak 12/13. |
| MERKNADER TIL INNKALLING: | Ingen |
| MERKNADER TIL SAKLISTE: | Rossebø ønskte debatt under Eventuelt om opne/lukka møte. Sak 12/13 blei handsama som fyrste sak. |

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.05.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.05.12 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.05.13 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 11/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.09.13

16. Kommunebarometeret 2013 – Bokn - «best» i Rogaland
17. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
18. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 17 – kontrollutvalet si årsmelding
19. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 25 – IKA IKS
20. Budsjett- og rekneskapstal pr 30.06.13 – kontroll og tilsyn
21. Statusoversikt pr. august 2013
22. Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv.
23. Kommunerevisoren nr. 3-13 «Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll»
24. Handbok i antikorrupsjon «Beskytt kommunen» (eige hefte)

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13:

Referatsakene 16-24 blir tatt til orientering.

SAK 12/13 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – SEKSJON HELSE; SOSIAL OG BARNEVERN

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar seksjonssjef for helse, sosial og barnevern sin utgreiing om seksjonen til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Seksjonssjef Hildegunn Andreassen delte ut en presentasjon som viste organisasjonskart og dei ulike tenestene innan einingane Pleie og omsorg (PLO), Helsefremmande og førebyggjande arbeid, NAV og tenestene innan fysioterapi og lege.

Ho gjekk igjennom seksjonssjefens ansvarsområde og einingsleiar sine og dei ulike arenaene for å ta opp innspel og idear. Ho hadde no vore 1,5 år i stillinga og såg fleire område kor det var rom for utvikling. Desse områda og ulike planer som er sett i gang, var teke punktvis med i presentasjonen.

Utvalet kom med spørsmål undervegs. Det gjaldt dagtilbodet for heimebuande, bruk av vikarbyrå, innføring av Nordsjøturnus og om utbygging av velferdsteknologi. Spørsmål om bemanning knytte opp til brukarane i omsorgsbustadene kunne ho ikkje gje svar på, sjølv om utvalet i invitasjonen hadde bede om spesiell fokus på dette. Ho viste til ass. einingsleiar Sonja Mikkelsen som rette vedkommande innan dette område.

Utvalet peika på at det var viktig å få til tilfredsstillande avviksystem og at kommunen ikkje følgjer personalreglementet når det gjeld medarbeidarsamtalar. Det med medarbeidarsamtalar har utvalet tatt opp fleire gonger.

Utvalet takka for presentasjonen som dei hadde funne særst interessant. Andreassen forlèt så møtet.

Utvalsleiar gjorde framlegg om å invitere seksjonssjefen og Sonja Mikkelsen til å komme i neste møte for å informere nærare om bemanningsplan og dei enkeltvedtak som er fatta for bebruarane innan Bu- og aktivitet.

Rossabø og Christiansen støtta framlegget, men meldte seg ugild til vidare handsaming av saka, då Rossebø har ektefelle som har sitt arbeid i eininga og ho er i slekt med ein bebruar.

Utvalet meinte 2. varamedlem også tok vaktar i eininga og vil også vere ugild. Utvalet sin 3. varamedlem har flytta ut av kommunen, slik at kommunestyret må velje nytt varamedlem.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13:

Kontrollutvalet tar seksjonssjef for helse, sosial og barnevern sin utgreiing om seksjonen til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer at seksjonssjef Hildegunn Andreassen og einingsleiar Sonja Mikkelsen kjem i neste møte for å gjere greie for bemanningsplan og dei enkeltvedtak som er fatta for bebruarane innan Bu- og aktivitet.

Utvalet vil be kommunestyret velje nytt varamedlem til kontrollutvalet.

SAK 13/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2013

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2012 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Sekretær gikk i gjennom erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 14/13 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2013

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar presentasjonen av revisjonsplan for rekneskapsåret 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Utvalet ønskte at revisor gjekk igjennom planen. Då ho ikkje var til stades var utvalet samd i å utsette saka til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13:

Saka vert utsett til neste møte.

SAK 15/13 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2014 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2014 vert på i alt
kr 305.000 eks mva fordelt på følgjande:

| | | |
|----------------------------|----|---------|
| Kontrollutvalet | kr | 47.000 |
| Kjøp av sekretærtjenester | kr | 96.000 |
| Kjøp av revisjonstjenester | kr | 162.000 |

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.13:

Dagleg leiar gjorde greie for dei ulike tenestene i budsjettframlegget. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.13 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2014 vert på i alt
kr 305.000 eks mva fordelt på følgjande:*

| | | |
|-----------------------------------|-----------|----------------|
| <i>Kontrollutvalet</i> | <i>kr</i> | <i>47.000</i> |
| <i>Kjøp av sekretærtjenester</i> | <i>kr</i> | <i>96.000</i> |
| <i>Kjøp av revisjonstjenester</i> | <i>kr</i> | <i>162.000</i> |

Eventuelt

Opne og lukka møte

Rossebø ønskte ein debatt i lys av sak 7/13 frå møte i mars og lovendring som trådde i kraft frå 01.07.13. Han var redd utvalet ville miste sin integritet og tiltru dersom utvalet ikkje var samd i ein prosedyre/praksis for å lukke møte for interne drøftingar.

Sekretær viste til at møta berre kunne lukkast dersom det er heimel i lov. Utvalsleiar meinte det hadde vore betre med ei avklåring direkte i etterkant. Ho og Christensen meinte at kvar sak i framtida måtte vurderast for seg.

Arbeidstilsynet sin rapport

Utvalet ønskte å få tilgang til rapporten.

Neste møte

Etter vedtatt plan er dato sett til torsdag **07.11.12, kl. 18.00**. Haustkonferansen for kontrollutvala i Rogaland er lagt til same dag, men utvalet og sekretariatet vil kunne delta i Sandnes og kunne nå møtet.

Bokn, 5. september 2013

Daghild G. Alvestad
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø
Utvalssekretær